



## **Referat frå SU Undheim skule 27.04.2026 klokka 13.30**

Møtt: Nils Martin Sikveland(politiker), Øyvind Søyland(forelder), Arnfrid Bjelland(forelder), Aud Jane Egge(tilsett), Theo Leirvik (elev), Gerd Rusdal(rektor)

Fråfall: Aina Idland(tilsett), Matheo Undheim, Samuel Nordbrønd og Sigrid Undheim (elevar)

### **Sak 7 25-26 Olweusundersøkinga 2026 4.-7.trinn 54 elevar**

Gjennomgang av mobbetal på Undheim skule våren 26. Ein har for høge mobbetal på skulen. Ein ser at dette er særskild på dei høgaste trinna.

Verbalmobbing er det mest av, men òg slått, sparket, utsjånad, lygn og rykter. Det skjer mest mobbing på skuleplassen, klasserom i timane og utanom timane.

Positive tal på trivsel og vennskap. Alle rapporterer at de har vennar på skulen. Dei fleste elvane likar seg på skulen.

Dei siste åra har ein sett ein tendens til at det er mest mobbing blant jenter. Synkande tal hjå gutane.

### **Sak 8 25-26 Drift og ressursar her og no, og med tanke på hausten og nytt skuleår**

Våren 2026 har skulen tilsett to nye lærarar, ein ny saksbehandlar/skulekonsulent og ein ny avdelingsleiar. Ein lærar startar opp allereie no og ny avdelingsleiar er allereie i gang. Ny saksbehandlar har også nyleg starta opp. Ein lærar startar 1.august. Me må truleg auka litt opp på SFO, men har ikkje lyst ut desse enno.

I følgje Time kommune vert det tilstandsrunde på alle skulane i TK. Her skal ein kartlegge i kva stand skulebygga er i, kven som treng renovering og kven som vert prioritert når det gjeld vedlikehald o.l. I slik runde vil rektor vere med og representere brukarar på Undheim skule.

### **Sak 9 25-26 Økonomi**

Me har sunn og god økonomi på Undheim skule. Me driv med grønne tal.

Referent Gerd Rusdal

